

Universitet og høgsular

Deres ref.:

Vår ref.: 2010/709 GMY000/300

Dato: 11.3.2010

Utlysing av midlar til prosjekt innan IKT-støtta høgre utdanning og livslang læring 2011 - prekvalifisering

Noregsuniversitetet lyser med dette ut midlar til prosjekt innan IKT-støtta høgre utdanning og livslang læring for 2011. Alle norske høgre lærestader kan søkje. Kunnskapsdepartementet har gitt føringar for bruken av prosjektmidlane - sjå vedlagte rettleiing for søkjarar. Informasjon om utlysinga finst på NUV sin nettstad: <http://norgesuniversitetet.no>

Storleiken på Noregsuniversitetets prosjektpott 2011 vil fyrst bli klar etter behandlinga av statsbudsjettet for 2011 til hausten. Denne utlysinga er derfor gjord med atterhald om Stortingets budsjettvedtak. Ein del midlar vil gå til førehandstilsegner gitt i søknadsrunden for 2010.

Føringane for 2011-utlysinga speglar at Noregsuniversitetet også i år vil leggje vekt på utvalde satsingsområde, og siktar mot å få mest mogeleg interessante prosjekt innanfor dei tre prioriterte områda:

- pedagogisk utviklingsarbeid og bruk av IKT
- samarbeid mellom arbeidslivet og høgre utdanning
- opne digitale ressursar, deling og samarbeid

Øvre ramme for løyving pr prosjekt er 1,5 mill. kr, og det blir kravd minst 1/3 eigenfinansiering frå søkjarinstitusjonane. For store prosjekt med mange samarbeidspartnarar kan det vere aktuelt å krevje større eigenfinansiering. Det blir stilt krav til dokumentasjon og formidling av resultat.

Søknadsprosessen blir gjennomført i to steg - med prekvalifisering gjennom innsending av projektskisse før fullstendig søknadsrunde. Slik ønskjer vi å få inn mange kortfatta søknader i fyrste runde, mens det meir omfattande arbeidet med fullstendig søknad berre blir kravd av dei prosjekta som går vidare.

Frist for å sende inn søknad til prekvalifiseringa er 12. mai 2010.

Prosjekt som går vidare til andre søknadsrunden, blir informerte frå Noregsuniversitetet om dette etter ei fyrste vurdering, og blir bedne om å levere fullstendig søknad. Svar til søkjarane i første runde er planlagt til medio juni, og andre søknadsfrist om lag 1. november.

Noregsuniversitetets søknadsskjema skal nyttast, sjå vedlegg. Søknad skal sendast som vedlegg til e-post til post@norgesuniversitetet.no. Alle søknader skal vere godkjente av den sentrale leiinga ved søkjarinstitusjonen. Oversendingsbrev om alle søknader, med underskrift frå den sentrale leiinga på institusjonen, skal innan fristen sendast til:

Noregsuniversitetet, 9037 Tromsø.

Søkjarinstitusjon treng ikkje prioritere mellom eigne søknader.

Eventuelle søknader som blir sendte direkte frå institutt/avdeling utan godkjenning frå leiinga ved institusjonen, stadfesta gjennom oversendingsbrev, vil ikkje bli behandla. Søkjarinstitusjonane må sjølve sikre at ein har gode nok interne rutinar for dette, så godkjenning er gitt og brev blir sendt innan søknadsfristen.

Rettleiing for søkjarar 2011 følgjer som vedlegg. Fullstendig utlysing med lenkjer til rettleiing og søknadsskjema finst på nettstaden til Noregsuniversitetet, sjå <http://norgesuniversitetet.no/utlysninger/utlysning2011>.

Spørsmål kan rettast til kontorsjef Vigdis Amundsen:

E-post Vigdis.Amundsen@norgesuniversitetet.no

Tlf. 77 64 59 57 / 952 80 741

Med vennleg helsing

Eva Gjerdrum
Direktør

Gunnar Myklebost
seniorrådgjevar

Vedlegg:

Rettleiing for søkjarar
Søknadsskjema på nynorsk
Søknadsskjema på bokmål
Ofte stilte spørsmål

Kopi til:

Kunnskapsdepartementet
Universitets- og høskulerådet
Kontaktpersonane i Nettverk for fleksibel og livslang læring